

Årsmelding Instedalen Storvald 2010

Instedalen Storvald er no ferdige med tredje året i bestandsplanen som er treårig. Vi starta året med vårteljing. Teljinga var sett til 3.April 1.Mai og 22.Mai. Dei to første datoane vart det ikkje oppsevert dyr, noko som nok skuldast at snøen låg lenge og voksteren ikkje var komen igong. 22.Mai telde vi 47 dyr. Noko som er tilsvarande da vi har hatt tidlegare. Teljinga var utført av to frå styret, og vart gjort frå kl 23 til kl 24. for å få med flest mogeleg dyr då vi tidlegare har erfart at dyra kjem sein ned på bøane.

Styret har også hatt eit par styremøter, dar vi tildelte løyve for jakta 2010.

Sidan vi ikkje har felt alle tildelte dyr dei to fyrste åra av bestandsplanen vart da i år gjeve ekstra løyver til jaktfelte. Desse løyva vart kun gjeve som ungdyr. Dette for å prøve å rette litt på totalen i avskytinga.

Vi fortsette med innmelding av felte dyr så fort som mogeleg etter felling.

Svein og Ståle tok seg av dette som tidlegare. Nytt i år var at statistikken vart lagt ut på nett etterkvart som resultatata kom inn. Da var i år også mogeleg å søkje om tilleggsdyr ved fylt kvote.

I år var da enkelte jaktfelt som såg lite dyr i jakta medan andre kanskje hadde fleire enn vanleg. Av dei 55 løyva som vart tildelte, vart fellingsresultatet slik. Totalt var da felt 33 dyr. 4 av desse var klassa som skrap. Da vart felt. 4 bukkar, 5 koller, 20 ungdyr, og 4 kalvar. Da vart tildelt 2 tilleggsdyr eit av desse vart felte. Sjølv om eit par jaktfelt fekk låg uttelling i jakta må ein nok kalle den for vellukka sett under ett. Dette er da beste resultatet som har vore i Instedalen.

Ein lyt også i år presisere at felte dyr skal meldast inn so tidleg som mogeleg etter felling. Vi kan ikkje godta avik på da som er innmeldt i jakta og resultatet som blir sendt inn etter jaktslutt. Instedalen Storvald fekk tildelt 150 løyver for tre år i 2008. Vi har av desse felt 92. Sjølv om dette er mindre enn forventa, er fordelinga prosentvis i høve til type dyr i samsvar med bestandsplanen.

I 2010 har 6 grunneigarar meldt frå om endringar i jaktfeltgrensene. Dette fører til at vi får nokre fleire jaktfelt. Arbeidet med dei ny felte vil ta til på nyåret. Ny bestandplan skal også utarbeidast for ein ny treårs periode. Vi vil få hjelp til desse oppgåvene frå kommunen.

Styret har i år vore samansett slik:

Leiar: Inge Svorstøl

Kasserar: Marius Ness

Sekretær: Leif Arne Hundeide

Vara: Ståle fimland

Vara: Svein Egil Svorstøl

Valnemd: Odd Bruflot

Andreas Sørebo

Vara: Narve Fimland

For styret Inge Svorstøl